

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-121	15/705

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2022	Formannskapet	PS	29.03.2022

## Innspel til Regional transportplan 2022-2033 - økonomisk handlingsprogram

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har følgjande innspel til handlingsprogrammet og investeringsprogrammet 2022 – 2033:

- Kommunen ber om at Masfjordbrua, som vert finansiert ved ferjeavløysingsmidlar og bompenger, vert teke med i handlingsprogrammet med formuleringar som forpliktar fylkeskommunen til å ta tak i dette prosjektet på ein konstruktiv måte, for å få bru realisert i planperioden til RTP. Dette prosjektet må og skildrast i kap 5.7.4.
- Risnesbrua er i svært dårlig stand, ei kjørebane er stengt, og det er svært viktig at ny bru får høg prioritet i handlingsprogrammet og investeringsprogrammet.
- Masfjorden kommune ser svært positiv på at det vert spleiselas for mindre prosjekt, der kommunar går inn med eigne midlar, for å få fortgang på viktige vegutbetringar, møteplassar, fortau og busshaldeplassar med meir.
- Kommunane må få høve til å vera byggherre/gjennomførarar på mindre prosjekt langs fylkesvegane, spesielt når kapasiteten gjer det vanskeleg for fylkeskommunen sjølv å ta på seg ansvaret for tiltaket.
- Kommunen meiner det er mange tiltak i trafikksikringsplanen det er viktig å få prioritert framover. Fleire av desse er synleggjort i saksutgreiinga nedunder, og må fangast opp og drøftast nærmare når fylkeskommunen skal laga budsjett og økonomiplan for tiltak med prosjektramme under 50 millioner kroner.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Fylkestinget vedtok 16. desember 2021 Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP), sjå Politisk Utval (vlfk.no). Saman med planen vedtok Vestland fylkesting handlingsprogram for RTP. Det vedtekne handlingsprogrammet omtala ikkje konkrete prosjekt i investeringsprogrammet. Fylkestinget gjorde på dette grunnlag m.a. slikt vedtak i saka:

2. «Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet

*for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak.»*

Utkast til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram for perioden 2022- 2033 er no utarbeidd og sendt kommunane med mogelegheit for innspel, - med frist innan fredag 1. april 2022. Utkastet kan lastast ned frå <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/ok-handlingsprogram-oginvesteringsprogram---utkast-innspel-til-kommunane-feb-2022-1.pdf>

Prosessen med regional transportplan 2022-2033 viser at det er store behov på dette området i fylket. Det økonomiske handlingsprogrammet viser at dei økonomiske rammene fylkeskommunen har til disposisjon, vil vere langt frå tilstrekkelege for å kunne møte det store behovet i fylket for drift, vedlikehald og investeringar innan samferdsel. I gjeldande økonomiplanperiode 2022-2025 er det i investeringsprogrammet til fylkeskommunen avsett midlar som skal fordelast i samband med vedtak av «Investeringsprogrammet til Regional transportplan» i juni 2022. I tillegg er det lagt opp til at finansutvalet i fylkeskommunen skal fastsetje investeringsrammer for 2026 i mars 2022. Investeringsprogrammet skal avklare fordeling av midlar i komande økonomiplanperiode 2023-2026, samt utarbeide ein langsiktig portefølje av større prosjekt som kan realiserast i resten av planperioden fram til 2033. Det vidare arbeidet med investeringsprogrammet skal m.a. avklare to tilhøve:

Kor mykje midlar som skal avsetjast til rammeløyvingar for mindre tiltak. I Regional transportplan 2022-2033 er det peikt på at det er store behov for rammeløyvingar til trafikktryggleik/mindre utbetringar, gang- og sykkelprosjekt, kollektivtiltak,, tunneloppgradering samt til utbetring av bruer og kaiar. Ut frå dette er det gjort ei vurdering av kva som vil vere tilgjengeleg ramme når det vert teke omsyn til behovet for å vidareføre midlane til rammeløyvingane, i tillegg til naudsynt vedlikehald av bru og kai for å sikre fortsett framkome.

Porteføljen av store prosjekt. Det er silt ut ein del prosjekt som er aktuelle for lister for investeringsprosjekt som kan realiserast i perioden. Slik dei økonomiske rammene er i dag, er det ikkje grunnlag for å kunne realisere alle dei nemnte prosjekta. Det er vidare føreslått å bruke opp mot 200 mill. kr. årleg til strekningsvise prosjekt på det overordna vegnettet.

Utkastet til økonomisk handlingsprogram inneheld ikkje eitendeleg forslag til fordeling av midlar, men vurderer fordelinga mellom ulike føremål i investeringsprogrammet. Vidare vert prosjekt som er vurderte som aktuelle for oppstart i perioden omtala. Prosjekta er delt inn i prosjekt som kan realiserast i komande økonomiplanperiode 2023-2026, og prosjekt som er aktuelle fram mot utgangen av planperioden i 2033. Prosjekta er ikkje i prioritert rekjkjefølgje. Det er grunn til å presisere at med dagens nivå på løyvingane vil det ikkje vere rom for å prioritere alle prosjekta som er nemnde i utkastet til investeringsprogram. Det vil følgjeleg vere naudsynt med ytterlegare prioritering mellom prosjekta. Fylkeskommunen arbeider opp mot sentrale styresmakter for å styrke løyvingane til fylkeskommunale samferdselstiltak. Samstundes må anna delfinansiering som bruk av bompengar, og å utarbeide spleiselag gjennom rekjkjefølgjekrav og utbyggingsavtalar vurderast.

Fylkeskommunen arbeider også med å utnytte ressursane på ein god måte, og viser også til rapporten : «*Meir veg for pengane*», sjå lenke nedunder.

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/kunnskapsgrunnlag-til-rtp-2022-2033---meir-veg-for-pengane.pdf>

Det vert teke sikte på å utarbeide endeleg framlegg til fordeling av midlar og prioritieringslister for

store prosjekt fram mot vedtak av økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram til fylkestinget i juni 2022. Framlegget vil basere seg på utkastet til investeringsprogram, innspel frå kommunane, samt ytterlegare arbeid med å kvalitetssikre prosjekta både med omsyn til mogleg gjennomføring, prosjektutforming og økonomi. Fylkeskommunen ber om innspel på følgjande: «*Rammeløyvingar kontra store vegprosjekt. Kva føremål er viktigast å prioritere i investeringsprogrammet, er det rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel eller midlar til store vegprosjekt?*»

### Vurdering

Rådmannen er samd i at rammeløyvingane til mindre utbetringar, trafikksikring, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel generelt må prioriterast høgt. Ein vil likevel understreka at behov for utbetringar på fylkesvegane er stort, og at det er svært viktig for innbyggjarane og næringslivet i både Masfjorden kommune og Gulen kommune at Risnesbrua er teke med i handlingsprogrammet som eit prioritert tiltak.

Vidare vil ein vise til at Masfjordbrua er eit ferjeavløysingsprosjekt, som saman med bompengeinntekter vil vera fullfinansiert. Dette prosjektet må etter rådmannen si vurdering få større fokus i handlingsprogrammet, med formuleringar som forpliktar fylkeskommunen til å ta tak i dette prosjektet på ein konstruktiv måte, for å få det realisert i planperioden. Det er viktig at dette prosjektet også vert skildra i kap 5.7.4 om Ferjeavløysingsprosjekt.

Nedunder kjem ein med vurderingar knytt til dei ulike områda:

#### **Strekningsvise utbetringar, større G/S-tiltak og spleiselag.**

Det er føreslått å avsetje 200 mill. kr. årleg til strekningsvise utbetringar av regionale hovudvegar (vegar i funksjonsklasse B), samt å setje i gang minst to større gang -og sykkeltiltak utanom Miljøløftet årleg. Det er også føreslått eigne løyingar til rekkverk, veglys og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt. Fylket ber om synspunkt på dette, inkl. evt. konkrete framlegg til samarbeidsprosjekt.

#### Vurdering:

Masfjorden kommune ser svært positiv på at det vert spleiselag for mindre prosjekt, der kommunar går inn med eigne midlar, for å få fortgang på viktige vegutbetringar, møteplassar, fortau og busshaldeplassar med meir.

#### **Mest mogeleg for pengane**

Vidare ber VLFK om innspel til korleis ein kan få mest mogeleg for pengane for konkrete framlegg til prosjekt.

#### Vurdering:

Rådmannen viser til at Masfjorden kommune har gode erfaringar med tett samarbeid med fylkeskommunen og Statens Vegvesen, for å få mest mogeleg ut av pengane i samband med vegutbetringar. Det som ein meiner er viktig, er at det vert etablert eit samarbeid mellom kommune og fylket, både i den innleiande delen før oppstart av anlegg, og i samanheng med grunneigarforhandlingar. Ei god arbeidsfordeling med klare rammer for kva partane skal gjere, og hyppige kontaktpunkt sikrar god og effektiv gjennomføring. Ein meiner også at kommunane må få høve til å vera byggherre/gjennomførarar på mindre prosjekt langs fylkesveg, spesielt når kapasiteten gjer

det vanskeleg for fylkeskommunen sjølv å ta på seg ansvaret for tiltaket.

### **Rette tiltak og prosjekt**

VLFK ber om synspunkt på om det er dei rette tiltak og prosjekt som er lagt inn i investeringsprogrammet, og kva som er viktigast å prioritere.

#### Vurdering:

Rådmannen ser at det er få tiltak som er opplista for Masfjorden kommune. Ny Risnesbru er teke inn, og står i ei særstilling, sidan dette er eit heilt påkrevd tiltak Masfjorden. Kommunen har elles svært mykje fylkesveg som treng utbetring. Vidare er det mange tiltak i den nyleg vedtekne trafikksikringsplanen (TS-planen), både utbetring med sideareal/fortau, fartsdumpar, busskur, veglys og anna. Kommunedelplan for trafikksikring er oversendt fylkeskommunen, og er eit viktig dokument for kva tiltak ein ønskjer å prioritere.

Aktuelle prosjekt (uprioritert rekkjefølgje) ein meiner er rette og prioriterte tiltak, og som ein ønskjer å drøfte nærmare med fylkeskommunen er:

**Fv571 – utbetring Mollandseid – Rekneset**, med ID nummer 13 i TS-planen.

**Fv 570 – fortau Kvamme – Sandnes skule**, ID nr 7 i TS-planen.

**Fv 570 – fortau, Sandnes barnehage – ferjekai**, ID nr 31 i TS-planen.

FV 570 – kryssutbetring/ vegutbetring kryss Nordkvingo, ID nr 55 i TS-planen.

**Fv 5444 – fortau og gangfelt ved Matre skule**, ID nr 42 i TS-planen.

**Fv 5444 – snuplass/ kantstopp for skulebussar ved Matre skule**, ID nr 15 i TS-planen.

**Fv 570 kryssoppstramming, fortau og fartsdumpar ved Nordbygda skule**, ID nr 44 og 52 i TS-planen.

Å prioritere og styrke ressursane inn mot trafikksikringstiltak knytt opp mot skular og barnehagar meiner ein er heilt rett.

### **Mobilitet og kollektivtransport:**

For Masfjorden kommune er det viktig at rutetilboda vert oppretthalde, og at ein får til betre rutetilbod på kveldstid til og frå Bergen.

### **Konklusjon**

Det vert vist til framlegg til vedtak.

## **Formannskapet - 038/2022**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande tilleggspunkt

Busstilbodet må styrkast både for formiddag og kveld til og frå Bergen i heile kommunen.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande tilleggssetning i 1.kulepkt

Ein viser til vedtak i Fylkestinget 12.12.2017 sak 111/2017

Framlegg til vedtak med tilleggspunktet frå Sp og Ap vart samrøyistes vedteke.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune har følgjande innspel til handlingsprogrammet og investeringsprogrammet 2022 – 2033:

Kommunen ber om at Masfjordbrua, som vert finansiert ved ferjeavløysingsmidlar og bompenger, vert teke med i handlingsprogrammet med formuleringar som forpliktar fylkeskommunen til å ta tak i dette prosjektet på ein konstruktiv måte, for å få bru realisert i planperioden til RTP. Dette prosjektet må og skildrast i kap 5.7.4.

- Risnesbrua er i svært dårlig stand, ei kjørebane er stengt, og det er svært viktig at ny bru får høg prioritet i handlingsprogrammet og investeringsprogrammet. Ein viser til vedtak i Fylkestinget 12.12.2017 sak 111/2017
- Masfjorden kommune ser svært positiv på at det vert spleiselag for mindre prosjekt, der kommunar går inn med eigne midlar, for å få fortgang på viktige vegutbetringar, møteplassar, fortau og busshaldeplassar med meir.
- Kommunane må få høve til å vera byggherre/gjennomførarar på mindre prosjekt langs fylkesvegane, spesielt når kapasiteten gjer det vanskeleg for fylkeskommunen sjølv å ta på seg ansvaret for tiltaket.
- Kommunen meiner det er mange tiltak i trafikksikringsplanen det er viktig å få prioritert framover. Fleire av desse er synleggjort i saksutgreiinga nedunder, og må fangast opp og drøftast nærmare når fylkeskommunen skal laga budsjett og økonomiplan for tiltak med prosjektramme under 50 millioner kroner.
- Busstilbodet må styrkast både for formiddag og kveld til og frå Bergen i heile kommunen.